

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.02.2018

**Elizabeth Toft Erichsen (V)** sette fram slikt forslag:

«Temaplanen vert sendt på høyring.»

**Elizabeth Toft Erichsen (V)** sette på vegner av V fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Temaplanen må kommentera

- Utfordringa med monokultur og artsmangfald.
- Dyr skal haldast i miljø som gir god livskvalitet, og funksjonsfriske dyr skal vere ein føresetnad for all vekst i dyrehold i fylket. Dyr har ein eigenverdi, og handtering av dyr skal skje med omsorg og respekt for dyra sin eigenart.
- Det må kommenterast korleis ein kan integrera produksjon av fornybar fôrproduksjon til havs saman med landbruket.
- Nortura ønskjer auke i storfeproduksjonen nasjonalt i grovfôrområda. Med 2500 dyr per år.
  - Er det å flytta dagens produksjon over i andre område, eller samla auke i produksjonen? Korleis går indikasjonsmål om auken i kjøtproduksjonen overeins med klimamål om folkehelsemål om reduksjon av inntak av raudt kjøt?
- Innsatsmål for produksjon av grønnsaker må også innarbeidast. Det vert kommentert i planen som eit potensial, men lite meir.
- Korleis stillar dyrevernorganisasjonar seg til ny teknologi som støthalsband på sau og andre utfordringar i planen.
- Klimamål i planen er utdatert, Noreg har sett mål om å bli klimanøytral innan 1. januar 2030, ikkje 2050.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 1 røyst (V) for Erichsen sitt forslag.

Erichsen sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek «Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022» og ber om at fylkesrådmannen set i verk arbeidet med innsatsområda.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere kva tiltak som må gjennomførast for at Hordaland skal bidra til at nasjonal jordvernmål vert realisert og ber fylkesrådmannen presentere forslag til tiltak i ei politisk sak.